



Lindås ungdomsskule
5955 LINDÅS
Tlf. 56375054
lindas.ungdomsskule
@lindas.kommune.no

REFERAT FRÅ MØTE I FAU ONSDAG 04.JANUAR 2017

Desse møtte:

8a: ingen representant

8b: Solveig Holsen

9a: Torill Vågenes

9b: Anne Irene Nygård

10a: ingen representant

10b: ingen representant (hadde meldt fråfall)

Sakliste:

Sak 12 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

OK.

Sak 13 – 16/17 Oppgåver utover våren.

- Foreldrekurs i utdanningsval for 10.klasse torsdag 19.januar.
- Foreldrekveld for 10.klasse torsdag 26.januar. FAU-representantane og klassekontaktane har ansvar for å skaffe mat og drikke. Sidan ingen av 10.klasserepresentantane var til stades på møtet, tar Solveig Holsen eit initiativ i forhold til å opplyse dei om denne oppgåva.
- Skuleball torsdag 02.februar. Nokre 10.klassingar ville ha ball i Haugatun med innbedne gjestar, men FAU stiller seg negative til dette. Ballet blir på skulen, og det trengst fire foreldrevakter frå kvar klasse.
- Foreldrekveld for 8.trinnet torsdag 23.februar
- Foreldrekveld for 9.klasse onsdag 15.mars.
- 8.klasseforeldra har ansvar for 17.mai, her må det snart setjast ned ei arbeidsgruppe.
- 9.klasseforeldra har ansvar for avslutningsfesten til 10.trinnet. onsdag 21.juni. Her må det og setjast ned ei arbeidsgruppe.

Sak 14 - 16/17 Natteravn. Torill har hatt kontakt med organisasjonen, så dei tar kontakt i næraste framtid. Torill og Anne jobbar vidare med saka. Klassekontaktane må informere foreldra at det kjem til å bli organisert natteravn i løpet av våren.

Sak 15 – 16/17 Kva gjer vi for å skaffe pengar til FAU?

- Den førre kasseraren avleverte eit pengeskrin med 5020,- kroner som no er sett inn på FAU sin konto.
- Solveig har undersøkt korleis FAU kan søkje om ulike midlar hos Gjensidigestiftelsen, SPV og DNB. Arbeider vidare med saka. DNB si

støtte går til kulturelle formål, t.d teater, konsertar etc. Kunne vore flott om 10.klasse kunne fått ein teatertur. Gjensidigestilftelsen krev at ein er registrert i Brønnøysund, kan ein eventuelt registrere Natterav Lindås U ?

- Forslag om å lage lynlotteri på kaker før morsdag.
- Selje morsdagsbukettar eller «Goodie Bag» til morsdag på bestilling.
- Selje 17.mai bukettar på bestilling. Solveig tar kontakt med Eikanger Hageland for å få prisar og tilbod.
- Lynlotteri på 9.klasse sin foreldrekveld med produkt frå Elevbedriftene.
- Når foreldre lagar kafe til foreldre- elevkveldar, betaler folk 100,- kroner pr.familie i staden for å ta stykkpris på produkta. Dette vart gjort i fjor på 8.trinn, og det var vellykka.

Sak 16 – 16/17 Skriv, meldingar og info frå skulen

- Rektor hadde ei oppsummering av aktivitetar som hadde vore oppunder jul. Det var ei kjekk, men travel førjulstid på skulen.
- Eine 8.klassen har ein del åtferdsproblem, her må foreldre på bana for å bidra til eit betre miljø. Solveig vil engasjere seg i denne saka.
- Elevundersøkinga er gjennomført i alle klassane, resultatet vil bli tatt opp på neste FAU- møte. (Som er 22.mars)

Sak 17 – 16/17 Ymse

Anne Irene informerte om UNG DATA- undersøkinga som vart gjennomført for elevane i vår (vår 2016). Ho vil leggje fram resultatet av undersøkinga på Foreldrerådsmøtet som vi har til hausten (måndag 28.august 2017)

Vel møtt!

Anne Irene Nygård

- FAU- leiar -

Henriette Rolland

- rektor-